

Protokoll frå årsmøte 2024 - Hafslo IL

Torsdag 29. februar 2024 kl. 19 på Eikum Hotell

Til stades: 25 ved starten av møtet av møtet og 22 ved slutten.

Sak 1: Opning

Årsmøtet starta kl. 19. Leiar Ove Midtbø ønske velkomen og informerte om praktisk gjennomføring av møtet.

Sak 2: Godkjenning av innkalling

Godkjent utan merknadar.

Sak 3: Godkjenning av saksliste

Godkjent utan merknadar.

Sak 4: Val av møteleiar og skrivar

Årsmøtet valde Ove Midtbø som møteleiar og Birthe Johanne Finstad som skrivar.

Sak 5: Val av to medleamar til å skriva under møteboka

Sverre Kjos-Wenjum og Anne Øvretun Ølnes vart valde til å skriva under.

Sak 6: Årsmelding frå styret

Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til hovudstyret.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner årsmeldinga til hovudstyret.

Sak 7: Årsmelding frå gruppene

- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til stadionstyret.
- Jon Ove Lomheim orienterte om årsmeldinga til hoppgruppa.
- Lars Olav Halleråker orienterte om årsmeldinga til alpingruppa.
- Karita Nes orienterte om årsmeldinga til fotballgruppa og overrekte ein gavesjekk på 6000 kr til Anna Grindhaug for hennar innsats for Sogndal FK Damer og aldersbestemte landslag i 2023.
 - To merknadar til årsmeldinga:
 - Jotun og ÅTIL manglar i informasjonen om pulja Hafslo IL er i når det gjeld miniputtturneringar.
 - J13 har også hatt samarbeidslag med IL Bjørn i 2023.
- Anne Øvretun Ølnes orienterte om årsmeldinga til barneidrettsgruppa.
- Ove Midtbø orienterte om årsmeldinga til trimgruppa.
- Monika Reime orienterte om årsmeldinga til handballgruppa.

Etter gjennomgang av årsmeldingane, trekte Ove Midtbø også fram fleire utøvarar og andre frå Hafslo som har utmerkt seg på høgt nivå i året som har gått, i tillegg til Anna Grindhaug nemnt over:

- Stina Hillestad, som satsar på langrenn på skigymnas i Meråker og stiller opp for Hafslo IL i NM og nasjonale renn.
- Stig Morten Fredheim, som er landslagstrenar for hopp i kombinertlandslaget.
- Ingrid Lovise Jåstad, som har spelt fleire sesongar for ulike lag i toppserien for kvinner, og som satsar vidare med Fortuna Aalesund i 2024.
- Hafslo IL har også fleire som unge utøvarar som satsar på fotball og står på terskelen til gjennombrøt på sine karrierar på høgt nivå.

Ove Midtbø viste til at det blir spanande å følgje utøvarane frå Hafslo og trenarkarrieren til Stig Morten.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner heile årsmeldinga for Hafslo IL 2023 med merknadane under fotball. Hovudstyret får fullmakt til å justera årsmeldinga og oppdatere endeleg versjon på nettsida til idrettslaget.

Sak 8. Rekneskap

- Ove Midtbø gjekk gjennom og orienterte om rekneskapen for 2023. Som det går fram av årsmeldinga frå styret syner dette eit stort overskot på 976 609 kr. Det skuldast i hovudsak stort økonomisk overskot på Lerum Cup 2023, Haustmarknad 2023 og sponsorstøtte.
- Ove Midtbø viste elles til styret si melding om «økonomisk resultat» på side 6 i årsmeldinga.
- Kontrollutvalet ved Herman Odd Stein orienterte om arbeidet til kontrollutvalet. Dei har hatt fire møte og delteke på teamkurs i regi av idrettsforbundet i fylket.
- Kontrollutvalet har gått gjennom protokoll for årsmøte 2023, styrereferat, årsmelding, materialister og anna. Kostnadar er stikkprøvemessig kontrollert, og balanseverdiar er kontrollerte mot underliggjande dokumentasjon.
- Kontrollutvalet har ingen merknadar til framlagt årsrekneskap, og tilrår at årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner rekneskapen for 2023.

Årsmøtet tok pause for matsservering kl. 20.30. Oppstart etter pausa kl. 21.10.

Sak 9: Fastsetjing av medlemskontingent

Styret føreslår at vi held fram med gjeldande takstar, som er

- 300 kr for enkeltmedlemskap
- 750 kr for familiemedlemsskap
- 100 kr for pensjonistmedlemsskap

Vedtak

Årsmøtet vedtek at Hafslo IL held fram med gjeldande satsar for medlemskontingent med verknad for 2025.

Sak 10: Budsjett 2024

Ove Midtbø orienterte om budsjettforslaget styret legg fram.

Det vart vist til at det er sett opp eit romsleg, men samstundes realistisk budsjett, der styret og gruppene har stort handlingsrom for investeringar og aktivitetar i 2024. Utvida styre vil også fortløpande følge opp korleis vi ligg an i høve budsjettet på styremøta, slik at det ikkje vert gjort investeringar som det ikkje er budsjettdekning for. Om det blir behov for dette må styret ev. kalle inn til ekstraordinært årsmøte for å få justert budsjettet.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner budsjettet for 2024.

Sak 11: Innkømne saker

Sak 11a: Oppdatere Hafslo IL sin anleggsplan 2023-2027 etter ekstraordinært årsmøte Hafslo IL 03.01.2024

Ove Midtbø orienterte om saka.

Vedtak

Styret får fullmakt til å oppdatere anleggsplanen i tråd med vedtaket i ekstraordinært årsmøte 03.01.2024.

Sak 11b: Samarbeid med Botn Vel om realisering av pumptrack på område sett av til leikeplass i reguleringsplanen

Ove Midtbø orienterte om saka. Årsmøtet diskuterte kva som ligg i forslaget, bindingar for idrettslaget, og viktigheita av å sjå dette i samanheng med anna aktivitet og andre anlegg i bygda.



Vedtak

Styret får fullmakt til å gå i dialog med Botn vel om eit vidare samarbeid og avklara vidare planar for anlegget. Saka må opp til endeleg vedtak på årsmøte på eit seinare tidspunkt.

Sak 11 c: Handsame organisasjonsplanen til Hafslo IL

Ove Midtbø orienterte om saka, og la fram forslag om at årsmøtet gjer tilsvarende vedtak som på årsmøtet 27.02.2023.

Vedtak

Hafslo IL vedtek ny organisasjonsplan for 2023–2026 slik den vert lagt fram for årsmøtet 29.02.2024. Nytt hovudstyre får mandat av årsmøtet til å gjere tilpassingar i organisasjonsplanen saman med særgruppene ut i frå behov i planperioden. Eventuelle endringar av organisasjonsplanen må skje på ordinære eller ekstraordinære årsmøte i løpet av planperioden.

Når det gjeld ansvar, oppgåver og godtgjersle for styremedlemmer og gruppeleiarar for 2024, så får styret mandat til å gjere vedtak innanfor gjeldande budsjetttrammer.

Sak. 12: Val 2024 – sjå vedlegg

Ove Midtbø orienterte om hovudstyret sitt framlegg til val. Viste innleiingsvis til at idrettslaget ikkje har hatt valnemnd, og at styret og gruppeleiarane har fungert som valnemnd.

Framlegg til vedtak

Hovudstyret: Årsmøtet støttar framlegget til leiar, og Ove Midtbø vert attvald som leiar. Birthe Johanne Finstad og Erna Hamrum vert valde til 1. og 2. nestleiar.

Grupper, nemnder, utval og kontaktpersonar: Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val av medlemmer til ulike grupper/utval.

Jon Ove Lomheim kom med framlegg om at Terje Fardal går inn som nytt medlem i langrennsnemnda saman med Per Fridolf Hillestad.

Vedtak

Årsmøtet godkjenner styret sitt framlegg til val med følgjande endringar:

- *Hovudstyret: Birthe Johanne Finstad vert vald til 1. nestleiar og Erna Hamrum som 2. nestleiar.*
- *Langrennsnemnd: Terje Fardal kjem inn som nytt medlem i langrennsnemnda, saman med Per Fridolf Hillestad.*

Oversikt over valde tillitsvalde går fram av vedlegg 1 til protokollen.

Utdeling av innsatskrus og blomar

Styret og gruppeleiarar delte ut innsatskrus, blomar og anna merksemd for innsatsen i 2023. Oversikt over utdelingane følgjer som vedlegg 2 til protokollen.

Årsmøtet vart heva kl. 22.22.

Underteikna protokoll:



Anne Øvretun Ølnes



Sverre Kjos-Wenjum

Vedlegg:

1. Val 2024
2. Merksemd på årsmøtet 2024



Vedlegg 1: Val 2024

Verv	Namn	På val
Leiar	Ove Midtbø	2025
1. nestleiar	Birthe Johanne Fredheim Finstad	2025
2. nestleiar	Erna Hamrum	2025
Styremedlem	Sondre Henjum Bremer	2025
Styremedlem	Styrk André Hofslundsengen	2025
Styremedlem	Signe Rauboti	2025
1. varamedlem	Arthur Bremer Brynjulfsen	2025
2. varamedlem	Anne Perlaug Fossøy	2025
Ungdomskontakt	Synnøve Røneid	2025
Ungdomskontakt		

***Hovudstyret får mandat til å finne ein ungdomskontakt til etter årsmøtet**

FOTBALLGRUPPA:

Leiar	?
Medlem	Karita Nes
Medlem	Norill Terese Norheim
Medlem	Jan Erik Røneid
Medlem	Tormod Tysse Tuften
Medlem	Ann Kristin Torgersen
Medlem/materialansvarleg	Åge Ruud
Medlem	Nils Petter Solheim
Medlem	Øyvind Møller
Medlem	Tonje Grønstad

***Gruppa konstituerer seg sjølve og finn leiar etter årsmøtet**

TRIMGRUPPA:

Leiar	Terje Brunborg
Medlem	Monica Heggstad
Medlem	Kjell Arild Høyum

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPA 1934

Medlem	Ragnhild Borge Olsen
--------	----------------------

HOPPGRUPPA:

Leiar	Jon Ove Lomheim
Medlem	Per Birger Lomheim
Medlem	Ove Fredheim
Medlem	Ole Johnny Sie
Medlem	Håvard Ese Eliassen
Medlem	Magne Olsen

BARNEIDRETTSGRUPPA:

Leiar	Ida Ur Haugen
Medlem/nestleiar	Anne Øvretun Ølnes
Medlem	Lene Madsen
Støttemedlem	Frida Josefine Malmrud

HANDBALLGRUPPA:

Leiar	Monika Reime
-------	--------------

*Leiar får mandat til å knytte til seg medlemmer

ALPINT- OG FRISKIGRUPPA

Leiar	Lars Olav Halleråker
Medlem	Nils Petter Solheim
Medlem	Lars Håkon England
Medlem	Wenche Aspelund Linde
Medlem	Ann Helen Liljedahl

ORIENTERINGSNEMND:

Kontaktperson	Ove Oklevik
---------------	-------------

LANGRENNSNEMND:

Kontaktperson	Per Fridolf Hillestad
---------------	-----------------------

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



SKIPPA 1934

Medlem	Terje Fardal
--------	--------------

STADIONSTYRET:

Leiar	Tore Ørbeck
Medlem	Birger Moene
Medlem	Bjarni H. Valsson
Medlem	Rolf-Johan Stranden

MARKNADSNEMND:

Representantar frå hovudstyret	Ove Midtbø, Erna Hamrum
Medlem	Ann Elisabeth Skjerven
Medlem	Stine Solvi
Medlem	Bjarne Venjum
Medlem	Tonje Grønstad

LERUM CUP-NEMND:

Representant frå hovudstyret	Ove Midtbø
Representant frå Fotballgruppa	Karita Nes
Medlem	Tore Ørbeck
Medlem	Representant frå ei av skigruppene
Kiosknemnd	Ann Elisabeth Skjerven, Karita Nes, Erna Hamrum, Ann Kristin Torgersen, Tonje Grønstad

FRIIDRETTSUTVAL:

Kontaktperson	Eitt av medlemene i Trimgruppa
---------------	--------------------------------

SKØYTEUTVAL:

Medlem	Per Ivar Lomheim
--------	------------------

HAFSLO IDRETTSLAG

6869 HAFSLO



KONTROLLUTVAL:

Medlem	Gerd Westby
Medlem	Hermann Odd Stein

LUSTER IDRETTSRÅD:

Medlem	Ove Midtbø
Medlem	Jon Ove Lomheim
Leiar kontrollutvalet	Geir Arne Kvam
Valnemnd	Erna Hamrum
Ungdomskontakt	Anna Maria Bremer

VALNEMND:

*Ingen kandidatar per 29.02.24. Hovudstyret og særgruppene må fungere som valnemnd.

FLEIRBRUKSHALL HAFSLO:

Kontaktperson	Eirik Hoem
---------------	------------

*Kontaktperson får mandat til å knytte til seg fleire medlemmer i prosessen som kjem framover.

STOLPEJAKT LUSTER KOMMUNE:

Kontaktperson	Terje Brunborg (trimgruppa)
Medlem	Ove Midtbø (hovudstyret/Luster idrettsråd)

HESTESPORTNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Svein Solheim
Kontaktperson	Harald Hess

KAJAKKNEMND HAFSLO IL:

Kontaktperson	Hovudstyret inntil vidare
---------------	---------------------------

Vedlegg 2: Innsatskrus/merksemd på årsmøtet 29. februar 2024

HOVUDSTYRET

Anne P. Fossøy	Styremedlem sidan 2022	Innsatskrus + blommar
----------------	------------------------	-----------------------

FOTBALLGRUPPA

Karita Nes	Leiar sidan 2023 + LC 2022 og 2023	Innsatskrus + blommar
Elin Anette Hillestad	Styremedlem sidan 2020	Innsatskrus + NVRLND-sokkar

TRIMGRUPPA

Kristine Fardal Norheim	Instruktør Idrett for alle i mange år	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
-------------------------	---------------------------------------	-----------------------------

HANDBALLGRUPPA

Anne Lene Sygna Halleråker	Styremedlem 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
----------------------------	------------------	-----------------------------

BARNEIDRETTSGRUPPA:

Frida Josefine Malmrud	Medlem sidan 2022	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
------------------------	-------------------	-----------------------------

LERUM-CUP NEMND

Ann Kristin Torgersen	Innsats LC gjennom fleire år	Innsatskrus
Tonje Grønstad	Innsats LC/Marknadsnemnd 2023	Innsatskrus

HOPPGRUPPA

Lars Karlsen	Dugnad nytt hoppanlegg – 131,5 timar	Innsatskrus
--------------	--------------------------------------	-------------



STADIONSTYRET

Tore Ørbeck	Overtok som leiar 2023	Innsatskrus
-------------	------------------------	-------------

UNGDOMSKONTAKTAR

Peder Olai Hillestad	Ungdomskontakt sidan 2022	Innsatskrus + NVRLND-sokkar
Anna Maria Bremer	Ungdomskontakt sidan 2023	Innsatskrus + NVRLND-sokkar

Anna merksemd:

Katrin L. Nes – innsatskrus + blomar + 1000 kr i gåvekort som forseinka 50-års gåve frå idrettslaget. Innsats for Trimgruppa gjennom mange år.

Anna Grindhaug – gåvesjekk på 6000 kr frå fotballgruppa.

